

ÅRSMELDING 2009



FYRESDAL SOKNERÅD



FYRESDAL SOKNERÅD

ÅRSMELDING - 2009

INNLEIING

Soknerådet har hatt 6 formelle og eitt uformelt møte.

Rådet har handsama 35 saker, der 22 av desse sakene er fellesrådssaker og 13 er soknerådssaker..

Vi har flest fellesrådssaker, men under referat- og orienteringssaker evaluerer og planlegg vi svært mykje av kyrkjelydsarbeidet.

FYRESDAL SOKNERÅD per 01.01.2009:

Rådet er sett saman av 6 valde medlemmer, soknepresten, som er utnemnd av biskopen, og ein kommunal representant utnemnd av kommunestyret.

1. varamedlem blir innkalla til alle møta.

Medlemer

Einar Mikkelsen, leiar

Solveig Abelone Midtgarden, nestleiar

Torhild Sølyst

Tone I. Veum

Turid Tislevoll

Tone Vik

Berit Gulbrandsen, komm.repr.

Olav Jakob Tveit, geistleg repr.

Varamedlemmer:

1. Hege Stiansen

2. Annlaug Bergland

Turid Tislevoll og Tone Vik vart valde inn i soknerådet i 2007 som varamedlemer, men av di Børge Sandum og Neal Battin har hatt fritak frå verva sine, så vart Turid og Tone sitjande som faste medlemmer.

Linda Myrvang Moe bad seg óg fritaken frå vervet som varamedlem i 2008, så difor sat vi att med bare to varamedlemer.

Turid Tislevoll flytte juli/august 2009, og ho melde då forfall til resten av møta fram til valet 13.- 14. september.

Berit Gulbrandsen var kommunestyret sin representant i soknerådet.

Kyrkjevalet 2009

13.-14. september var det store kyrkjevalet.

For fyrste gong i heile landet så var kyrkjevalet på same tid som Stortings- og sametingsvalet. Og for fyrste gong var det óg direkte val på leke kandidatar til bispedømerådet.

Vi er blant forsøkskommunane, så vi hadde prøvd å ha val samstundes med Kommune-og fylkestingsvalet i 2007. Heilt

sidan 2005 har vi hatt val på bare halve soknerådet annankvart år. På denne måten har vi eit overlappingssystem som ser ut til å fungere veldig greitt.



Å ha val på same tid og i same bygning som dei andre vala i kommunen har synt seg å vere veldig positivt i høve til deltakinga på kyrkjevalet.

I 2005 var deltakinga til soknerådsvalet 4,72 %, i 2007 16,9 % og i 2009 23,1 %. Dette er soknerådet svært nøgd med.

Deltakinga ved valet av dei leke kandidatane til bispedømerådet var noko lågare, men det er óg heilt naturleg. For det fyrste var dei fleste kandidatane ukjende, bispedømerådet og Kyrkjemøtet blir noko fjernt, og sjølve valreglane blei for kompliserte.

Tidlegare har det nye soknerådet fungert frå 1.1. året etter valet, men denne gongen skulle det nye soknerådet tre i funksjon frå 1.november same året. For oss som er ein eitt-soknskommune så har vi eit kombinert sokneråd og fellesråd, og som fellesråd skulle det eigenleg tre i funksjon 1.desember 2009.

Vi hadde sokneråd-/fellesrådsmøte 12.11.09 der det nye rådet konstituerte seg.

Neal Battin vart vald inn som fast medlem i 2007, men p.g.a. fritak så måtte det veljast inn 4 (eigentleg 3) faste medlemmer og 5 varamedlemmer.

Det nye soknerådet 2009-2011 er:

Medlemmer

Einar Mikkelsen, leiar
Solveig Abelone Midtgarden, nestleiar
Torhild Sølyst
Andreas Valebjørg
Åse Breiland
Øyvind Johansen
Berit Gulbrandsen, komm.repr.
Olav Jakob Tveit, geistleg repr.

Varamedlemmer:

1. Inger Angell
2. Anne Skålid
3. Tone Wøllestad
4. Gunlaug B. Kiland
5. Line B. Valebjørg

Solveig Abelone Midtgarden vart óg vald inn som lek medlem av Agder og Telemark bispedømeråd.

STILLINGAR

Tilsette per 31.12.2009:

Olav Jakob Tveit	sokneprest i full stilling (tilsett av Agder og Telemark Bispedømeråd)
Else Berit Mandt Gaaren	kyrkjeverje i 80% stilling. Klokkartenesta ligg i stillinga.
Ingebret Gaaren	kyrkjetenar/gravar i 100% stilling.
Freddy Brander	kantor i 50% stilling. Har hatt permisjon frå 17.08.09.
Eilev Erikstein	prostidiakon i samarbeid med dei andre sokna i Vest-Telemark

I sommarferien til kyrkjetenar så fungerte Arnt Ove Gjevestad som kyrkjetenar på kvardagane, medan Olav Åge Dale hadde jobben som kyrkjetenar ved messene.

Grethe Momrak-Haugan har fungert som vikar for kyrkjeverja.

Organistsituasjonen

Freddy Brander søkte om permisjon frå 17.08.09 til 16.08.10, og soknerådet lyste difor ut eit ledig vikariat som organist i halv stilling. Det kom ingen søkjarar til stillinga, og soknerådet måtte difor basere seg på å leige inn organist frå gong til gong.

Organistsituasjonen har likevel ordna seg tolleg greitt ved at Freddy har fungert som vikar for seg sjølv ved familiemesser der familiekoret har vore med, og elles ved dei fleste gravferdene. I tillegg har Auver Gaaren fungert som vikar på dei fleste andre messene. Dette har vore til stor hjelp for oss.

ARBEIDSGJEVARANSVAR

Soknepresten er tilsett og lønna av Agder og Telemark bispedømeråd, medan Fyresdal sokneråd er arbeidsgjevar for kyrkjeverje, kyrkjetenar og organist.

Soknerådet har delegert det daglege ansvaret for dei tilsette til kyrkjeverja. P.g.a. familiære forhold har soknerådsleiar personalansvar for kyrkjetenar.

Under gudstenester og andre kyrkjelege handlingar er det soknepresten som er ansvarleg.

VISJON:

Folkekyrkja står sterkt i Fyresdal. Oppslutninga kring gravferder, dåp, konfirmasjonar og høgtider, slik som jol og 17. mai, er svært god. Frammøtet på dei heilt vanlege messene er heller noko låg, men kyrkja har fleire messer der einskilde er spesielt inviterte, og på nokre av desse er Fyresdal Familiekor til stades, og då kjem det mange til kyrkje.

Soknerådet har formulert ein visjon for kyrkja i Fyresdal. Visjonen seier noko om kyrkja, og kva kyrkja ynskjer å stå for:

Kyrkja i Fyresdal - open og inkluderande

Kyrkja bør vere ein stad der ulike typer menneske kjenner seg velkomne og verdsette. I 2009 har soknerådet hatt mange ulike arrangement, nokre av desse med svært god oppslutning.

Arrangement:

- Familien sin Misjonsdag i februar. Familiekoret deltok, og Arnfred Li frå NMS tala. Det var denne dagen óg utdeling av biblar til 5. trinn.
- Song - og salmekveld i mars.
- Konfirmantane sin kyrkjesundag i mars.
- 17. mai feiring.
- Samtalemesse i Veum kyrkje og kyrkjekaffi på grendehuset.
- Konfirmasjonsmesse på 1. pinsedag.
- Sauesleppsmesse saman med Villblomens dag hjå Aslak Snarteland. Familiekoret deltok. Bygdekvinnelaget var ansvarleg for kyrkjekaffien. Helge Kiland tok oss med på ei interessant blomevandring i beitet på Snarteland.
- Messe i Trollholene. Astrid Jupskås laga flott stemning med fløytespel til salmane. Kilegrend grendelag inviterte til kyrkjekaffi nede på Lomekilen.

- Olsokmesse på Heggland gamle kyrkjegard. Torleiv Austad var prest, Astrid Jupskås fungerte som ”organist” med fløyta si, og Heggland grendelag ordna til kyrkjekaffi. Det var óg dåp denne dagen.
- Fjellstemne i Birtedalen saman med Nissedal og Åmli. I år var det Fyresdal som stod som arrangør. Det var Nordlie frå Åmli som var prest. På grunn av veret så vart både messa og ettermiddagsmøtet inne på grendehuset. Krossli-musikken deltok, og det var sal av rjomegraut.
- Hausttakkefest i Veum kyrkje. 4H- Vest var ansvarlege for pynting i kyrkja og kyrkjekaffien på Veum grendehus. Dei ordna óg med utlodning av ”pynten” i kyrkja. Inntekta gjekk til 4H. Supert at dei stiller opp!
- Helgemesse 01.11. i Moland kyrkje. Diakoniutvalet hadde dekt langbord bak i kyrkja, noko som vart veldig vellukka. Det vart servert smørbrød, kaker og kaffi. Nilia Kamilla Lie og Auver Gaaren hadde eit lite musikalsk innslag.
- 15.11.: Utdeling av CD til 5-åringane i Veum kyrkje. Fyresdal Familiekor var med.
- 28.-29.12.: Lys Vaken, vakenatt i kyrkja for 11-åringane. Heile 5.trinn hadde meldt seg på, noko som er kjempebra!
- 1.sundag i advent: Familiemesse med barnedåp, utdeling av Kyrkjeboka til 4-åringane og song av Fyresdal Familiekor. 5.trinn deltok i prosesjon, tenning av adventsljos, hjelpte til under dåpen og med tekstlesing. I tillegg vart nokre av dei intervjuet om korleis dei hadde hatt det på Lys Vaken. Det vart servert kyrkjekaffi til alle etterpå.
- Ljosmesse i Veum kyrkje med konfirmantdeltaking.
- 13.12.: ”Vi syng og spelar jola inn” med Fyresdal Musikkorps, Fyresdal Familiekor, Førdsal Bygdekor og diverse solistar frå kulturskulen.
- Skule- og barnehagegudstenester før jol.

KYRKJER OG KYRKJEGARDAR

Kyrkjene i Fyresdal er i tolleg god stand. Det blir sett etter at naudsynt vedlikehald blir gjort. I 2009 var det ny termografering av både kyrkjene, noko som er viktig for å avdekke feil på det elektriske anlegget.

I Moland kyrkje var ingen varmegang i systemet, men det vart tilrådd utbetring av fordelingstavla i ”Elektrisk rom”

I Veum kyrkje kom det fram at det var ein del varmegang i dei gamle straumkablane, noko som bør ordnast opp i.

Elles har det óg blitt kjøpt inn nykelboksar i høve til brannsikring til både kyrkjene.

Veum kyrkje har vore stengd mellom jol og påske.

Ved Moland Nye kyrkjegard leigde ein inn hjelp til graving av ein lagerplass for jord og evt. gamle gravminne.

På alle kyrkjegardane har det blitt etterfylt jord og sådd til med gras. Dette er eit arbeid som bør gjerast kontinuerleg.

På Lønnegrav har det blitt kjøpt inn nytt straumskåp, lagt nytt tak på klokketårnet, og vasspumpa har blitt flytt høgare opp i terrenget.

VERKSEMD

I tillegg til staben så har soknerådet ulike utval slik som diakoniutval, undervisningsutval og gudstenesteutval. Utvala er med på planlegging og gjennomføring av aktivitetar saman med staben i kyrkja. I kvart av utvala sit det representantar frå soknerådet saman med andre friviljuge.

Diakoniutvalet har ansvar for:

- * Ulike arrangement i samarbeid med prostidiakonen som t.d. helgemesse og diakoniens dag.
- * Møte mellom nye og gamle innbyggjarar i bygda.
- * Kyrkjekaffi etter ulike gudstenester.
- * Organiserer kakebaking til skogsleiren i Kleivgrend.
- * Besøksteneste

Undervisningsutvalet har ansvar for:

- * Dåpshelsingar
- * Bok til 4-åringane
- * Gåve til 5-åringane
- * Bibel til 5.trinn
- * Lys Vaken, 6.trinn.
- * Baking / mat til ulike konfirmantsamlingar.
- * Kyrkjekaffi etter ulike gudstenester.

Gudstenesteutvalet har ansvar for planlegging av messene i høve til salmeval, liturgi og ulike innslag. I 2009 er det prest, organist og kyrkjevevje/klokkar som har fungert som utval. I tillegg kan soknerådet kome med innspel og idéar til ulike opplegg.

Soknerådet har god rutine på å evaluere alle messer og arrangement i kyrkja.

Konfirmantarbeidet er presten sitt ansvar.

Det vart arrangert konfirmantleir til Fjellkyrkja på Gautefall. I tillegg har konfirmantane vore på samling i Vinje med konfirmantar frå heile Vest – Telemark.

Konfirmantane deltok óg i fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, der det kom inn nesten kr.22 000.

På einskilde konfirmantsamlingar har presten hatt hjelp av eit ungdomsteam frå Kvitsund.

Konfirmantane har på desse kveldane lånt gymsalen på Gimle til leik og spel. Elles har resten av undervisninga gått føre seg i kyrkja.

Undervisningsutvalet har organisert baking av bollar til samlingane.

Kvitsund-teamet har blitt ein viktig del av konfirmantarbeidet, og konfirmantane sjølve har gjeve uttrykk for at dei set pris på ungdomane.

Det er óg verdt å merke seg at den kyrkjelege konfirmasjonen har kome meir i fokus att.

Deltakinga har auka mykje dei tre siste åra. Sjå statistikk!

Kyrkjemusikk

Fyresdal sokneråd har ikkje organisert konsertar dette året, men ein har prøvd å bruka lokale kor, korps og andre solistar. Kyrkja blei likevel lånt ut til ”kultur” for ein konsert med folkemusikktrioen Glima ved opninga av Olsok-dagane.

Fyresdal Familiekor blir støtta av soknerådet og deltek 3 – 4 gonger i halvåret på messer eller andre kyrkjelege arrangement. Familiekoeret skaper mykje liv i kyrkja, og svært mange ynskjer t.d. barnedåp på dei messene koeret er til stades.

Kyrkjedøra i *Kommuneinformasjonen for Fyresdal kommune* blir nytta kvar månad, noko som er ein grei og sikker måte å nå ut til innbyggjarane på.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Spørsmål kring helse, miljø og tryggleik er noko som må arbeidast kontinuerlig med.

Det er utarbeidd reglar for bruk av kyrkjene og branninstruks for dei tilsette og frivilljuge.

Kyrkjevevryene i Vest-Telemark prosti har saman med prosten arbeid med samordningsavtaler og malar for gjennomføring av risikoanalyser, handlingsplanar og vernerundar.

ØKONOMI

Drift:

Kommunestyret løyver tilskot til drift av det kyrkjelege arbeidet. I 2009 var dette kr. 1 757 000.

I tillegg er tenesteytingsavtala med kommunen rekna ut til å vere kr.100 000.

Det direkte tilskotet frå staten er heilt borte.

Overskot på drift er kr. 300 993,78.

Overskotet vert sett av på disposisjonsfond, konto 2560000.

Investering:

Underskot på investering er kr. 2 816.

Det totale underskotet blir då kr. 2 816.

Underskotet vert dekt av diposisjonsfond, konto 2560000.

Kommentar:

Den viktigaste grunnen til det store overskotet på drift er organistsituasjonen vår.

Vi har spart inn kr.140 000 på løn, og i tillegg ein del på aktivitetar knytt til organisten.

Dessutan var forsikringane for 2009 førte feil, dvs. førte i 2008, så her sparte ein óg oml. kr.30 000.

Straumen vart óg kr. 30 000 mindre enn det reviderte budsjettet.

STATISTIKK.

Handlingar i Fyresdal sokn i tida 2004-2009:

	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Tal gudstenester	63	62	55	57 47 med reg. frammøte	56	52
Frammøtte til gudstenestene	3215	3131	2965	2740	3209	3149
Gjennomsnitt frammøte	51	51	54	58 (ut frå 47)	57	61
Døypte	14	10	9	17	14	13
Konfirmantar	13 / 19	9 / 21	10 / 19	22 / 28	17 / 25	21 / 23
Vigsler	4	1	1 1 forbøn	2	4	2
Gravferder	13	16	16	19	16	15

Soknerådet takkar tilsette og friviljuge medarbeidarar i kyrkjelyden som hjelper til gjennom foreiningar, råd, utval, komitèar, praktisk arbeid og gjennom bøn for arbeidet.

Fyresdal sokneråd, 04.03.2010

Einar Mikkelsen
Leiar (sign.)

Else Berit Mandt Gaaren
kyrkjeverje